

# Sterkt fellesskap og grøn framtid



For dei mange  
– ikkje for dei få

Di stemme er viktig –  
stem SV 10.–11. september!

# Miljø og fellesskap er hjartesakene våre

**Ein god kommune må ha eit samspel mellom offentlege tenester og privat engasjement. Nord-Aurdal skal vera kommunen der vi bryr oss om kvarandre og har gode system for å inkludere og engasjere innbyggjarane. SV er vaktbikkja som arbeider for eit solidarisk samfunn.**

## Klima og miljø

Ein viktig del av miljøsatsinga er å hindre nedbygging av natur.

SV vil arbeide for:

- at kommunen tek omsyn til klima og miljø i all planlegging
- energisparande tiltak i alle kommunale bygningar
- å få lagt E16 utanom Fagernes sentrum
- samanhengande gang- og sykkelvegar
- barnehagar der folk bur og arbeider
- å oppretthalde og utvikle busstilbodet
- fortetting heller enn nye hyttefelt

## Kultur og inkludering

Utanforskap og einsemd er ein trussel mot fellesskapet. SV ønskjer derfor at kommunen legg til rette for varierte kulturtildelinger som kan engasjere flest mogleg, og vil særleg arbeide for:

- møteplassar for ulike aldersgrupper, som Storhallen, Garasjin, ungdomsklubben, Blåbærmyre, Fagernes-parken, kulturhuset, Frivilligsentralen og Stabburshella
- bibliotek over bakken og to kinosalar
- å utvikle Trykkeriet til ein god møteplass for kulturskulen og ein god arena for kunst og kultur
- å styrke nettverket rundt flyktningane slik at dei blir verande i kommunen
- å tilby gratis norskkurs på kveldstid for arbeidsinnvandrarar
- å invitere nye innbyggjarar til velkomstmøte, i samarbeid med frivillige organisasjonar
- å ta vare på verneverdige bygningar og grøntområde for å skapa gode tettstadsmiljø

## **Trygg oppvekst for barn og unge**

SV vil arbeide for at alle barn i kommunen skal kunna ha ein god oppvekst, og går inn for:

- å tilby foreldrekurser for alle nybakte foreldre
- å sikre tilstrekkeleg kvalifisert bemanning i barnehage og skule
- to kontaktlærarar i alle klasser på alle trinn, for å behalde og rekruttere lærarar
- å laga gode forum for samarbeid mellom foreldre og skule
- gode fritidstiltak for alle barn og unge
- at opplevingskortet skal vidareførast og utvidast

## **Helse og velferd**

SV vil arbeide for eit lokalmiljø der forholda ligg til rette for menneske i ulike livsfasalar, og går inn for:

- å vidareutvikle tilbodet for menneske med psykiske og fysiske utfordringar
- å sikre at familiar med funksjonshemma barn og unge får sikker og tilstrekkeleg avlastning
- å vidareutvikle dagtilbodet for demente
- at omsorgssektoren har tilstrekkeleg bemanning, slik at ein sikrar gode tenester og gode arbeidsforhold
- å vidareutvikle Frivilligsentralen som ein møteplass for alle generasjonar
- å styrke folkehelsa blant anna gjennom å leggje til rette for gode trimløyper i heile kommunen

## **Næring og utvikling**

Nord-Aurdal har som mål å vera ein næringsvennleg kommune. SV vil særleg arbeide for:

- at kommunen har oppdaterte og føreseielege planar
- å styrke Fagernes som regionsenter
- sentrumsnære kommunale hus og leilegheiter til overkomeleg pris
- tiltak for å få fleire inn på bustadmarknaden, m.a. leige før eige
- desentralisert fagskule- og høgskuleutdanning i regi av Valdres karrieresenter
- at SV på Stortinget også i framtida går inn for eit landbruksoppgjer som gir grunnlag for matproduksjon over heile landet

# **SV i Nord-Aurdal har desse kandidatane til kommunestyrevalet i 2023:**

- 01 Berit Synnøve Øygard, Fagernes**
- 02 Marte Josephine Lerhol Aure, Fagernes**
- 03 Pål Sandnæs, Fagernes
- 04 Mona Kathrine Myhre, Leira
- 05 Marie Asheim, Skrautvål
- 06 Magnus Olav Bjerke Bratrud, Fagernes
- 07 Siri Osaland, Leira
- 08 Rudolf Roovers, Aurdal
- 09 Ellen Persvold, Fagernes
- 10 Eli Kristin Nesmoen, Leira
- 11 Jo Clausen, Fagernes
- 12 Aud Søyland, Leira
- 13 Silje Sneve, Leira
- 14 Sara Vatne, Fagernes
- 15 Pål André Storsveen, Leira
- 16 Liv Marit Enoksen, Fagernes
- 17 Hildegunn Spjøtvoll, Fagernes

## **Stem SV for miljøet og dei gode fellesskapsløysingane**

For Nord-Aurdal SV er det viktig at Nord-Aurdal blir ein inkluderande kommune med gode oppvekstvilkår og brukarnære tenester, og der vi tek omsyn til miljøet i all utvikling.

I den siste perioden har SV vore pådrivar for

- desentralisert barnehagestruktur i kommunen, med ny barnehage på Leira under planlegging
- ein handlingsplan mot rasisme og diskriminering
- styrkt grunnbemanning i barnehagane
- styrkt grunnbemanning i helse- og omsorgssektoren
- bustadsosial handlingsplan
- tiltak for inkludering
- restriktiv hyttebygging

**Stem oss med vidare, slik at vi blir  
sterkare og får gjennomført endå  
meir god SV-politikk!**

